

Lindås Kommune

Knarvik, 27.11.2019

Byggesak, saksnr. 18/2013

5914 ISDALSTØ

**Naboklage på vedtak på dispensasjon og rammeløyve til oppføring av nybygg og veg - gbnr. 188/66 Gjervik ytre. Saksnr. 18/2013.**

Viser til vedtaket der Lindås Kommune i brev datert 07.11.2019 har sagt ja til dispensasjonen fra byggjehøgder for byggje prosjektet på gbnr.188/66.

Lindås Kommune skriv i vedtaket.

*"Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan og bygningslova §12-4 (rettsverknad av reguleringsplan) for oppføring av bygg med maksimal byggjehøgde på K+51,5 mot nord og K+48 mot sør slik det går fram av søknaden. "*

Lindås Kommune må ta meir omsyn til eksisterande einebustadar som ligg nærmast dette prosjektet. Det er klart større ulemper for desse einebustadane no når kommunen har sagt ja til å byggja høgre enn det områdeplanen tillet.

Her kan ikkje kommunen sjå vekk frå det områdeplanen for Knarvik sentrum omtalar som nedtrapping til 3 etasjar mot eksisterande einebustadar og berre snakka om dispensasjon frå områdeplanen som seier K+47 mot sør og K+51 mot nord.

Viser til plan og bygningslova §19-2

*"Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt."*

Her må me sei oss svært uenig med kommunen sin begrunnelse for dispensasjon. Dette vil føra til vesentleg tilsidesetjing av vedtaka om høgder fastsett i områdeplanen, og vil være til større ulempa for dette nabolaget. Her må kommunen følgja planen, visst ikkje kan dette føra til presedens for andre utbyggjarar innanfor planen.